



Ryvarden fyr

Stad	Mølstrevåg i Sveio
Turkart	Turkart for Sveio (1:50 000), utg. 2014
Start-/sluttpunkt	alt. 1 frå Mølstrevåg eller alt. 2 frå Lyngholm
Parkering	alt. 1 på oppmerka plass i Mølstrevåg eller alt. 2 på Lyngholm
Merking	Informasjonstavle ved startpunkt
Høgdeskilnad	Skilta etter ny løypestandard
Tidsbruk	0–25 moh
Gode råd	alternativ 1: omlag 60 min tur/retur og alternativ 2: omlag 3 timar tur/retur
	Alt. 1 tilgjengeleg for hjulbrukar, men nokre bratte bakkar kan gjera det vanskeleg å ta seg fram med rullestol. Bomveg. Ved særskilde behov kan ein gjera avtale om å køyra på vegen med bil.

Turen går frå parkeringsplassen i Mølstrevåg på ca. 2 km lang grusveg, gjennom kupert terreng med lynchhei og gammalt kulturlandskap til Ryvarden. Frå det høgste punktet omlag midtvegs på turen er det storslått utsikt mot m.a. Sletta, Stord, Bømlo, Utsira og sørover mot Byheiane i Haugesund. Frå steingarden som avgrensar Ryvardsneset, kan ein følgja Nordsjøløypa gjennom marka til Lyngholm (1,5 t.).

Ved ein avstikker frå vegen rett før ein kjem ut til fyret, står monumentet over dei 16 som omkom då hurtigbåten «Sleipner» gjekk ned like ved Ryvarden i 1999. Ryvarden fyrstasjon ligg der den gamle «Ryvarden» låg, grensevarden mellom Ryfylke og Hordaland heilt sidan vikingtida. I den islandske sogeboka Landnåmbok vert det fortalt at oppdagaren Fløke Vilgjerd-

son bygde ein varde på Ryvardsneset i år 868, før han drog vest over havet for å slå seg ned på Island. Fløke er kjend som den som gav Island namnet. Den gamle varden vart fjerna i 1861, då fyrstasjonen blei bygt.

Etter at fyret vart automatisert og fråflytta i 1984, har dei gamle bygningane fått nytt liv som Ryvarden Kultur-fyr, med mellom anna galleri, kafe, overnattingsplass og atelier for kunstnarar. Galleriet har skiftande utstillingar gjennom heile sesongen, og er blitt eit populært utfartsmål i distriktet. Galleriet er ope søn- og helgedagar frå påske og ut november, med utvida opningstider i juli og august.

Turen Mølstrevåg–Ryvarden–Lyngholm er ein del av Nordsjøløypa.

Location: Mølstrevåg, municipality of Sveio
Map: Sveio tourist map (1:50 000)
Starting-point: Either Mølstrevåg or Lyngholm
Parking: Car-park at Mølstrevåg, or on the roadside at Lyngholm
Signboard: At the starting-point, standardized information
Ascent: from 0 to 25 metres above sea level
Time needed: about 1 hour Mølstrevåg–Ryvarden–Mølstrevåg, about 3 hours Lyngholm–Mølstrevåg–Lyngholm (alternatively about 2 hours Lyngholm–Ryvarden–Mølstrevåg)
Advisable: From Mølstrevåg accessible for wheelchairs, prams, etc, but steep bits may be difficult for some. The road can be driven by those with special permission.

Description: From the car-park at Mølstrevåg, the gravel road, 2 kilometres, goes over the undulating peninsula, past old grazing land and moors, to the point. About half way out, at the highest part, you can see the ocean with Stord, Bømlo and Utsira islands, and due south the hills around Haugesund. Nearer the lighthouse, at the old stonewall boundary of the point area, the trail over the moors and rocks from Lyngholm joins the road. The two stretches Lyngholm–Ryvarden and Ryvarden–Mølstrevåg are part of the North Sea trekking trail.

Not far from the lighthouse there is a small pathon the right leading to the sculpture which commemorates the 16 people who died when the express-boat “Sleipner” was wrecked on an underwater reef nearby in 1999.

Ryvarden lighthouse is built on the historical boundary between Ry- and Hordaland. In the Icelandic book of sagas (“Landnåmbok”) we can read about the viking Floka Vilgjerdsson who built a cairn here in 868 a.D. before he sailed westwards, found and named Iceland, and settled there. The cairn was dismantled, and the lighthouse built in 1861.

Since 1984 the lighthouse has been automatic and the lighthouse-keepers have gone. The buildings have been converted into “Ryvarden kulturfyrt” with an art gallery, a cafe, a guesthouse and a studio.

There are exhibitions which attract visitors from a large district, open Sundays and holidays from Easter to November (more in July and August).



Allemannsretten

- Ta omsyn til utmarknæringsane
- Lukk igjen grinda etter deg
- Vis omsyn til andre brukarar av utmarka
- Forstyrr ikkje dyr og fuglar
- Alt vilt er freda med unntak av lovlig jakt

Ferskvassfiske krev spesielle løyve

- Det er bandtvang heile året
- Det er forbode å tenna open eld i skog og mark frå 15. april til 15. september
- Atvaring: all ferdser er på eige ansvar. Ved ulykker ring 112 eller 113

Public access to the countryside

- Show consideration for wilderness industries
- Always close all gates behind you
- Show consideration for other users of uncultivated land
- Freshwater fishing require special permits

Do not disturb animals and birds

- All game is protected except for legal hunting
- Dogs must be kept on a leash all year
- Caution: all passage is at your own risk. Call 112 or 113 in emergency situations

Jedermanns recht

- Nehmen Sie auf die wirtschaftliche Nutzung des Ödlands Rücksicht
- Machen Sie die Gatter hinter sich zu
- Nehmen Sie auf die anderen Benutzer des Ödlands Rücksicht
- Süßwasserfischerei erfordert besondere Erlaubnis

Stören Sie die Tiere und Vogel nicht

- Alle Tiere geschützt sind, mit Ausnahme der gesetzlichen Jagd
- Es gibt Leine ganzes Jahr
- Warnung: das Wandeln in der Naturen geschieht auf eigene Gefahr. Bei Notfällen 112 oder 113 anrufen